

**Fra:** Angunn Skeiseid <angunn.skeiseid@rogfk.no>

**Sendt:** 04.04.2023 09:28:51

**Til:** Karl Inge Stumo <kis@karmoy.kommune.no>

**Emne:** Avklaring - lausfunn, dykkar ref 23/2306

---

Hei.

Viser til dykkar sak 23/2306 med forespørsel om avklaring av lausfunn ID 34402 på gnr 66 bnr 413 i Karmøy kommune.

Funnet som er registrert der, er eit lausfunn (ID 34402). Det står ikkje i beskrivelsen i Askeladden kva for gjenstand som er funnen.

Avmerkinga betyr berre at det er markert kor ein har funne ein gjenstand/lausfunn som er tatt inn til Arkeologisk museum UiS, og staden har ikkje status som automatisk freda, jf Kulturminnelovens §4.

Staden er totalt opparbeidd og potensialet for å finne noko av kulturhistorisk verdi, vert vurdert som svært liten.

Så konklusjonen er – at ein kan gjennomføre alle tiltak i hht gjeldande reguleringsplan. Men vi vil gjere merksame på at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i området som vert omfatta av tiltaket, må eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaket straks varslast om til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

*Mvh Angunn Skeiseid  
Rådgevar arkeologi  
Seksjon for kulturarv  
Rogaland fylkeskommune*

*Tlf.: 51 51 68 56*

---

*Hvis du ikke er rett mottaker til denne e-posten, vennligst kontakt avsender, og slett e-posten.*